



Reguleringsføresegner for Gang- og sykkelveg (gs) Ulsteinelva – Gåsneset i Ulstein kommune

§ 1. Generelt

Regulert område er vist med plangrense på reguleringsplanen. Disse reguleringsføresegnene gjeld for arealet som ligg innafor plangrensa.

§ 2. Reguleringsføresmål

Planområdet regulerast til følgjande formål:

1. Bebyggelse og anlegg(PBL § 12-5 nr. 1)

Fritidsbebyggelse - naust

2. Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)

FA Køyreveg
 Gang/sykkelveg
 Annan veggrunn
 Parkering

Omsynssone Hensynssone (PBL § 12-6)

Sikringssone – Frisikt

§ 3. Fellesføresegner

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innafor ramma av plan- og bygningslova.

Etter at reguleringsføresegnene er sett i kraft, er det ikkje tillate ved private servituttar å etablere forhold som står i strid med desse føresegnene.



§ 4. Bebyggelse og anlegg

I område fritidsbebyggelse kan det berre byggast naust. Byggjehøgde cote 8 m.

§ 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Areal avsett som veggrunn på reguleringsplanen, skal opparbeidast etter nærare detalj- og byggjeplanar som følgjer kommunen sine krav til veg (bereevne, skråning, dekketype, drenering m.m.).

Innanfor hovudformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan kommunen utan reguleringsendring godkjenne små justeringar mellom dei ulike undermåla.

Det kan ikkje oppretthaldast eller etablerast andre avkøyrslar frå fylkesvegen enn dei som går fram av planen.

Handsaming av terrenget i samband med veganlegga skal skje so skånsamt som råd.

Ein av parkeringsplassane skal vere tilrettelagt for funksjonshemma.

FA skal vere felles for gnr/bnr 5/6 og 5/7.

§ 5. Omsynssone (Hensynssoner)

Innafor frisiktsonene skal det vere frisikt i ei høgde av 0,5 m over planet til dei tilstøytande vegane. Arealet kan ikkje brukast slik at fri sikt på noko tidspunkt vert hindra.